UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

**GRIEGAKADEMIET- Institutt for musikk**

**Sak nr.: 04/21**

**Sakstype:** Vedtakssak

**ePhorte saksnummer:** 2021/4129

**Møte:** 08.04.21

## IRGA 04/21 Revisjon – forslag til endring i emneplaner fra høst 2021

**Bakgrunn**
Progrfamstyrene har behandlet forslag til revisjon av emnebeskrivelser og innhold som gjeldende fra høsten 2021. Endringene som foreslås er innenfor gjeldende studieprogramstruktur, og regnes som justeringer av emnebeskrivelser. Forslagene er i tråd med tilbakemeldinger og erfaringer som er gjort. Endringsforslagene ansees ikke å ha betydning for økonomiske rammer.

**Til saken: Endringsforslag**

Utøvende musikk eller komposisjon (utdypes i vedlegg 1):

a. Bachelor – studieretning komposisjon:
*MUG144 Hovuddisiplin komposisjon 1*
*MUG145 Hovuddisiplin komposisjon 2*
*MUV294 Hovuddisiplin komposisjon 3*
*MUV295 Hovuddisiplin komposisjon 4 (avsluttende bacheloreksamen)*
*MUV277 Kontrapunkt/Generalbass*
*MOB105 Tradisjonskunnskap 1*
*MOB107 Tradisjonskunnskap 2*
*MOB106 Musikkteori folkemusikk 1*
*MOB108 Musikkteori folkemusikk 2*
*MUV236 Musikkformidling*

b. Bachelor – studieretning tradisjonsmusikk:
*Orienteringssak – følges opp neste IRGA*

c. Master i utøvende musikk eller komposisjon
*MUV351 Masterprosjekt*
*MUV352 Mastereksamen i utøvende musikk eller komposisjon*

PPU i kunst, musikk og design (utdypes i vedlegg 2)

*MUDI201 Musikkdidaktikk 1* (vedlegg 2, s. 23)
*MUDI202 Musikkdidaktikk 2* (vedlegg 2, s. 33)
*KDPRA210 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, kunst og design (heiltid)* (vedlegg 2, s. 43)
*KDPRA211 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, kunst og design (deltid)* (vedlegg 2, s. 49)
*MUPRA210 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, musikk (heiltid)* (vedlegg 2, s. 54)
*MUPRA211 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, musikk (deltid)* (vedlegg 2, s. 59)

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi (vedlegg 3)

*MUTP300 Musikkterapi i barn og unges oppvekst*

**Forslag til vedtak:**
IRGA støtter revisjonsforslagene fra programstyrene, med de kommentarer som kom opp i møtet.

Randi Rolvsjord
Instituttleder

Vedlegg:
1) Utøvende musikk eller komposisjon
2) PPU i kunst, musikk og design
3) Musikkterapi

## IRGA 4/21 Emneplanrevisjoner - Vedlegg 1

Program for utøvende musikk eller komposisjon

Nåværende emneplan
Revidert emneplan
Tillegg i emnebeskrivelsen

a. **MUV351 Masterprosjekt**
**MUV352 Mastereksamen i utøving eller komposisjon**

Undervisningssemester

Haust og vår. Emnet starter haustsemesteret, og går over to semester.

Endres til:

Haust og vår. Emnet starter normalt haustsemesteret, og går over to semester.

b. **MUV352 Mastereksamen i utøving eller komposisjon (forts.)**
Endringen beskriver: Vurderingen av komponister i emnet blir justert til å også omfatte refleksjon og diskusjon rundt komposisjonsarbeidet gjennom året fram mot vurdering.

Vurderingsformer

Følgende blir lagt til avsnittet om vurderingsform for komponister:

Etter presentasjonen vert det gjennomført ei samtale mellom kandidaten og kommisjonen, der arbeidet som er gjort gjennom året vert diskutert. Samtalen er ein del av vurderinga.

**c. MUG144 Hovuddisiplin komposisjon 1**
**MUG145 Hovuddisiplin komposisjon 2**
**MUV294 Hovuddisiplin komposisjon 3**
Endringene beskriver: Vurderingen av komponister i emnet blir justert til å også omfatte refleksjon og diskusjon rundt komposisjonsarbeidet gjennom året fram mot vurdering.

Vurderingsformer

Følgende blir lagt til avsnittet om vurderingsform for komponister:

MUG144 Komposisjon 1:

I tillegg vert det gjennomført ei samtale mellom kandidaten og kommisjonen, der arbeidet som er gjort gjennom året vert diskutert. Samtalen er ein del av vurderinga

MUG145 Komposisjon 2:

Etter konserten vert det gjennomført ei samtale mellom kandidaten og kommisjonen, der arbeidet som er gjort gjennom året vert diskutert. Samtalen er ein del av vurderinga.

MUV244 Komposisjon 3:

> I tillegg vert det gjennomført ei samtale mellom kandidaten og kommisjonen, der arbeidet som er gjort gjennom året vert diskutert. Samtalen er ein del av vurderinga.

d. **MUV295 Hovuddisiplin komposisjon 4** (avsluttende bacheloreksamen)
Endringen beskriver: Vurderingen av komponister i emnet blir justert til å også omfatte refleksjon og diskusjon rundt komposisjonsarbeidet gjennom året fram mot vurdering.

<u>Vurderingsformer</u>

Følgende blir lagt til avsnittet om vurderingsform for komponister:

> Etter konserten vert det gjennomført ei samtale mellom kandidaten og kommisjonen, der arbeidet som er gjort gjennom året vert diskutert. Samtalen er ein del av vurderinga.

**e. MUV277 Kontrapunkt/Generalbass**

<u>Vurderingsformer</u>

Følgende blir lagt til avsnittet om vurderingsform for komponister:

> I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:
> Mappevurdering av fem innleverte arbeid:
> - ein tostemmig kontrapunktisk sats
> - ein trestemmig kontrapunktisk sats
> - ei kyrkjetonal harmonisering

Endres til

> I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:
> Mappevurdering av fem innleverte arbeid:
> - ein tostemmig kontrapunktisk sats
> - ein trestemmig kontrapunktisk sats
> - ei kyrkjetonal harmonisering
> - to oppgåver i generalbass

f. **MOB105 Tradisjonskunnskap 1**

<u>Vurderingsformer</u>

> Vurderinga omfattar to delar som vert vekta likt:
> 1. Ein munnleg presentasjon på 20 minutt med musikkeksempel, sjølvvalt emne
> 2. 4 timar skuleeksamen
> Intern sensur med minst to sensorar.

Endres til:

> Vurderinga omfattar to delar som vert vekta likt:
> 1. Ein munnleg presentasjon på 20 minutt med musikkeksempel, sjølvvalt emne
> 2. 4 timar heimeeksamen
> Intern sensur med minst to sensorar.

g. **MOB108 Musikkteori folkemusikk 2**

Endringene beskriver: Permanent endring av vurderingsform fra skoleeksamen til hjemmeeksamen. Mål for emnet er justert til dagens situasjon.

<u>Vurderingsformer</u>

Vurderinga omfattar to delar som vert vekta likt:
- Munnleg/praktisk prøve i høyrelære.
- fem timar skuleeksamen i musikklære, transkripsjon og analyse.

Intern sensur med minst to sensorar.

Endres til:

Vurderinga omfattar to delar som vert vekta likt:
- Munnleg/praktisk prøve i høyrelære.
- 5 timar heimeeksamen i musikklære, transkripsjon og analyse.

Intern sensur med minst to sensorar.

<u>Mål og innhold</u>

Mål:

Emnet har som mål å gje studenten eit detaljert overblikk over omgrep, historie og sjanger innan tradisjonsmusikk, og å gje studenten godt grunnlag for å bruke analyseteknikkar og notasjon i arbeidet med folkemusikkmateriale.

Endres til:

Mål:

Emnet har som mål å vidareutvikle og styrke kjennskapen til omgrep og notasjonsformer innan tradisjonsmusikk og meir generelt i musikkfaget, og å gje studenten godt grunnlag for å bruke analyseteknikkar og notasjon i arbeidet med folkemusikkmateriale.

**h. MOB106 Musikkteori folkemusikk 1**

Mål:

Emnet har som mål å utvikle og styrke kjennskapen til omgrep og teknikkar som er i bruk i tradisjonsmusikk, og å styrke studenten sine evner til å arbeide analytisk med desse.

Endres til:

Mål:

Emnet har som mål å utvikle og styrke kjennskapen til omgrep og notasjonsformer som er i bruk i tradisjonsmusikk og andre sjangrar, og å styrke studenten sine evner til å arbeide analytisk med desse.

**i. MOB107 Tradisjonskunnskap 2**

Mål:

Emnet har som mål å gje eit detaljert overblikk over instrument-, spele- og danseartar i Norden.

Endres til:

Mål:

Emnet har som mål å gje eit detaljert overblikk over instrument-, musikk- og dansetypar innanfor folkemusikktradisjonane i Noreg.

**j. Emneplan MUV236 Musikkformidling**

Endringen beskriver: Emneplanen er omskrevet til å ta høyde for en tidligere redusert studiepoengproduksjon i emnet fra 15 til 10 studiepoeng.

*Se påfølgende sider for hele emneplanen med de revisjoner som er anbefalt.*

| | |
|---|---|
| **Emnekode** | *MUV236* |
| **Namn på emnet, nynorsk** | *Musikkformidling* |
| **Namn på emnet, bokmål** | *Musikkformidling* |
| **Namn på emnet, engelsk** | *Stage Performance* |
| **Studiepoeng, omfang**<br><br>ECTS Credits | *Emnet MUV236 Musikkformidling har eit omfang på 10 studiepoeng.* |
| **Undervisningssemester**<br><br>Semester of Instruction | *Undervisninga startar i haustsemesteret og går over to semester.* |
| **Undervisningsstad**<br><br>Place of Instruction | *Bergen og/eller Voss.* |
| **Mål og innhald**<br><br>Objectives and Content | *Mål:*<br><br>*Emnet har som mål å fremje forståing og sjølvstende i eit komande yrke som musikar. Emnet skal formidle innsikt og erfaring i kva dei ulike publikumsgruppene krev av tilrettelegging, ~~i norsk kulturforvaltning og kva rolle media speler i formidling av musikk~~*<br><br>*Innhald:*<br><br>*~~Gjennom arbeid med støtte- og finansieringsordningar, organisasjonsstruktur, marknadsføring o.l. skal studenten lære å tilretteleggje, administrere og finansiere utøvande verksemd.~~*<br><br>*Musikkformidling skal gje studenten innsikt i dei mange moglegheitene som finst innanfor musikkformidlingsfeltet i norsk musikkliv, og erfaring med å førebu og delta i ein musikkproduksjon for ei definert målgruppe. Emnet høver både for instrumentalistar, songarar og komponistar.* |
| **Læringsutbytte**<br><br>Learning Outcomes | *Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:*<br><br>**Kunnskap**<br><br>***Studenten***<br><br>• *~~har innsikt i norsk kulturforvaltning og finansieringsordningar~~*<br><br>• *har kunnskap om kva ulike publikumsgrupper krev av tilrettelegging*<br><br>**Ferdigheiter**<br><br>***Studenten*** |

| | |
|---|---|
| | • *kan førebu og tilretteleggje for ein utøvande produksjon som t.d. konsert eller konsertførestilling ~~turné~~*<br><br>• *forstår å setje saman eit musikalsk program for ulike produksjonstypar*<br><br>**Generell kompetanse**<br><br>***Studenten***<br><br>• *kan orientere seg i moglegheitene og rammene for utøvande kunstnarleg verksemd retta mot ulike publikumsgrupper i samfunnet*<br><br>• *kan utøve musikk med bevisstheit om sin eigen kommunikasjon med ulike publikumsgrupper* |
| **Krav til forkunnskapar** | *Emnet er normalt eit tilbod til studentar som har gjennomført 2. studieår av Bachelorprogram i utøvande musikk eller komposisjon.* |
| **Krav til studierett** | *Bachelorprogram i utøvande musikk eller komposisjon, eller andre studieprogram på Griegakademiet etter individuell søknad* |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br><br>Teaching and Learning Methods | *Det blir arbeidd med formidling til publikum på følgjande måtar ~~følgjande delar:~~*<br><br>*~~1) Musikk og samfunn (førelesingar/seminar/praktiske oppgåver):~~*<br><br>*~~Musikk og kulturlivet: organisering og ansvarsfordeling, arbeidsmarknad, støtte- og finansieringsordningar, sponsoravtalar.~~*<br><br>*~~2) Musikk og media (førelesingar/seminar/praktiske oppgåver):~~*<br><br>*~~Annonsar og pressemeldingar, kritikk.~~*<br><br>*~~3) Formidling til publikum~~ (gjennom workshops/praktisk trening/prosjektarbeid):*<br><br>*- Grunntrening i performance, sceneopptreden, regi, lyssetjing o.a. Undervisninga kan, om tilhøva ligg til rette for det, samorganiserast med emnet MUV243 Musikkdramatikk.*<br><br>*- Prosjektarbeid som omfattar utforming, produksjon og framføring av konsertprogram for ei definert målgruppe (t.d. born i førskulealder, grunnskule (barnetrinn eller ungdomsskule), vidaregåande skule, aldersheim o.l.)*<br><br>*~~Dette omfattar også tilrettelegging (komponering og arrangering) av musikalsk materiale.~~*<br><br>*Prosjektarbeidet skal resultere i ei framføring som er eksamen i emnet, sjå under vurderingsformer.* |
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet** | *- Delta på undervisning~~, jf. punkt 1-2 ovanfor~~.*<br><br>*- Delta på rettleia gruppearbeid~~, jf. punkt 3 ovanfor~~.* |

| | |
|---|---|
| Compulsory Assignments and Attend-ance | *Det er forventa at studentane tek eit vesentleg ansvar for å organisere prosjekta i emnet.*<br>*All undervisning er obligatorisk. Fråvær på meir enn 20% fører til tap av eksamensrett. Det er ein føresetnad at alle obligatoriske arbeidskrav er gjennomført og godkjent før eksamen.* |
| **Vurderingsformer**<br>Forms of Assessment | *I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:*<br>*Gruppeeksamen.*<br>*Eksamen skal gjennomførast som ein konsert med eit program tilpassa ei definert målgruppe.*<br>*Intern sensur med minst to sensorar.* |
| **Karakterskala**<br>Grading Scale | *Bestått/Ikkje bestått* |
| **Vurderingssemester**<br>Assessment Semester | *Vår* |
| **Programansvarleg**<br>Course Coordinator | *Programstyret og rektor ved Ole Bull Akademiet har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.* |
| **Emneansvarleg** | |
| **Administrativt ansvarleg**<br>Course Administrator | *Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet - institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.* |

**Fagplan for Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design** *(nynorsk)*

Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design *(bokmål)*

Post graduate certificate in education – fine art, music and design *(English)*

*Godkjenning:*

*Studieplanen er godkjend av:*

*Universitetsstyret: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Programstyret: …………………………………….(dd.mm.år)*

*……………. fakultet: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Studieplanen vart justert: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Evaluering:*

*Studieprogrammet vart sist evaluert: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Neste planlagde evaluering: …………………………………….(dd.mm.år)*

| Kategori | Infotype | Tekst |
|---|---|---|
| **Namn på fagplan, nynorsk** | | Praktisk-pedagogisk utdanning i  kunst, musikk og design |
| **Navn på fagplan, bokmål** | | Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design |
| **Name of the programme of study, English** | | Post graduate certificate in education – fine art, music and design |
| **Namn på grad**<br><br>Name of qualification | SP_GRADEN | |
| **Omfang og studiepoeng**<br><br>ECTS credits | SP_OMFANG | Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design har eit omfang på 60 studiepoeng og er normert til eitt år. |
| **Fulltid/deltid**<br><br>Full-time/part-time | SP_FULLDEL | Fulltid/deltid |
| **Undervisningsspråk**<br><br>Language of instruction | SP_SPRAK | Norsk |
| **Studiestart - semester**<br><br>Semester | SP_START | Haust |
| **Mål og innhald**<br><br>Objectives and content | SP_INNHALD | Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved Fakultet for kunst, musikk og design er eit årsstudium som gir formell undervisningskompetanse.<br>Studiet bygger på ein oppnådd bachelorgrad i utøvande og skapande kunst, musikk eller design, og har to studieretningar:<br>• PPU for kunstnarar og designarar.<br>• PPU i utøvande musikk eller komposisjon<br>Utdanninga kan også gjennomførast som ein integrert del av fireårig bachelor i utøvande eller skapande musikk.<br><br>Studiet vert tilbydd både som fulltidsstudium i eit år og deltidsstudium over to år.<br>PPU ved KMD byggjer på Forskrift til rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning (fastsett 21.12.2015) og Nasjonale retningslinjer for PPU-A (fastsett 16.2.2017). |

| | | |
|---|---|---|
| | | Undervisninga er fagleg forankra i dei samansette arbeids- og kunnskapsformene, som kunstnarar, musikarar og designarar praktiserer. Undervisninga i PPU skal vere profesjonsretta, forskings- og utviklingsbasert. Den skal engasjere studenten i vitskapelege og kunstfaglege arbeidsformer, og i kritisk tenking.<br><br>Praktisk-pedagogisk utdanning ved KMD består av følgande komponentar:<br>• 30 studiepoeng pedagogikk<br>• 30 studiepoeng fagdidaktikk<br>• Minst 60 arbeidsdagar praksisopplæring, som inngår som ein integrert del av pedagogikk og fagdidaktikk.<br><br>Pedagogikkemnet er felles.<br>Pedagogikk handlar om korleis vi lærer og utviklar oss i samspel med kultur og samfunn. Kjernen i faget er læring, undervisning og danning. Pedagogikkemna gir forståing for eleven, lærarrolla og skulen sitt samfunnsmandat og dannar grunnlaget for utviklinga av eigen læraridentitet.<br><br>Innanfor fagdidaktikk tek studentane enten musikkdidaktikk eller kunst- og designdidaktikk, ut frå studieretninga dei er tekne opp til studieprogrammet på.<br>Fagdidaktikk handlar her om tilhøve som vedkjem undervisning og læring i utøvande/skapande musikk eller kunst og design. Fagdidaktikkemna gir grunnlag for å planlegge, gjennomføre, vurdere og reflektere kring undervisninga, som er tufta på forsking, kunstfagleg utviklingsarbeid, erfaringskunnskap og teori.<br>Didaktisk kompetanse inneber kunnskapar og ferdigheiter i å planlegge, gjennomføre og vurdere opplæring. Dette føreset mellom anna evne til å analysere og reflektere omkring mål for opplæringa, innhald i læreplanar, elevføresetnader, vurdering og rammene for undervisninga.<br><br>Praksis har ulike emneplanar, knytt til studieretning og om du studerer heiltid eller deltid. |
| **Læringsutbyte**<br><br>Required learning outcomes | SP_UTBYTTE | Kandidaten skal ved avslutta program ha følgande læringsutbyte:<br><br>***Kunnskap***<br>*Kandidaten..*<br>• *har djup fagdidaktisk og pedagogisk kunnskap for relevante kunstpedagogiske praksisar.*<br>• *kjenner mandata og verdigrunnlaga til skulen og andre arenaer for kunstopplæring.*<br>• *har god kunnskap om gjeldande lov- og planverk, og evne til å halde seg oppdatert.*<br>• *har kunnskap om barne- og ungdomskultur, om utviklinga og læringa til barn og ungdom i ulike sosiale og kulturelle samanhengar.*<br>• *har kunnskap om korleis kunstfag og kulturelle og sosiale estetiske uttrykk inngår i identitetsskaping til barn og unge.* |

| | | |
|---|---|---|
| | | • *har god kunnskap om undervisning og læring i grunnskule, kulturskule, vidaregåande opplæring, og i andre relevante kunstpedagogiske verksemder.*<br>• *har kunnskap om barn og unge i vanskelege livssituasjonar, medrekna kunnskap om vald og seksuelle overgrep.*<br>• *har kunnskap om og forståing for eit felles verdigrunnlag om demokrati, kulturelt og sosialt mangfald, berekraftig utvikling, likestilling og likeverd.*<br><br>***Ferdigheiter***<br>*Kandidaten..*<br>• *kan planlegge, gjennomføre, vurdere, og reflektere over undervisning; tufta på forsking, kunstfaglege utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.*<br>• *kan skape gode læringssituasjonar; kjenneteikna ved dialog, toleranse, respekt og omsorg for elevane*<br>• *kan leie og legge til rette for variert og differensiert undervisning, som fører til gode kunstfaglege og sosiale læringsprosessar.*<br>• *kan praktisere fleirkulturell forståing og toleranse for mangfald, og har medvit om spørsmål knytt til medborgarskap i utøvande og skapande undervisning og læring.*<br>• *kan arbeide variert, og differensiere og tilpasse eiga undervisning i samsvar med gjeldande læreplanar og vedtekter.*<br>• *kan skildre kjenneteikn på kompetanse, kan vurdere og dokumentere elevar si læring, og gje tilbakemeldingar som fremmar læring og medverkar til at elever kan reflektere over eiga læring.*<br>• *kan bygge relasjonar til elevar og føresette, og samarbeide med aktørar som er relevante for skuleverket.*<br><br>***Generell kompetanse***<br>*Kandidaten..*<br>• *kan formidle kunstpedagogiske og kunstfagdidaktiske problemstillingar på eit avansert nivå.*<br>• *har ei profesjonell haldning, og kan reflektere kritisk over kunstfaglege, profesjonsetiske og utdanningspolitiske spørsmål.*<br>• *kan med stor grad av sjølvstende vidareutvikle eigen kompetanse og medverke i utviklinga til kollegaar, skular og andre kunstpedagogiske felt.* |
| **Opptakskrav**<br><br>Admission requirements | SP_OPPTAK | Søkarar må ha en bachelorgrad i kunst, utøvande musikk eller design med minimum 180 studiepoeng i utøvande eller skapande kunstfag.<br><br>Sjå egne kriteria her:<br>**Musikk**<br>• Søkarar med musikkbakgrunn må ha minimum 180 studiepoeng i musikk. Av desse skal 60 studiepoeng vere i utøvande musikk eller komposisjon. |

| | | |
|---|---|---|
| | | • PPU kan gå inn i det fireårige bachelorprogrammet i utøvande musikk eller komposisjon ved Griegakademiet – Institutt for musikk.<br><br>For søkarar som ikkje har minimum 60 studiepoeng i musikkutøving, kan prøvespel verte aktuelt.<br>Godkjent opptaksprøve kan verte kravde dersom det er tvil om søkaren sitt utøvande nivå.<br><br>**Kunst og design**<br>• For PPU i kunst og design er kravet BA i skapande kunst- eller designfag, eller tilsvarande. Det krev minimum 180 studiepoeng fordjuping i kunst eller designfag. Søkarar som har MA i disse faga vil ha fortrinnsrett til studieplass og søkarar som har undervisningserfaring vert prioriterte. Denne studieretninga vil ha to opptaksdelar: til 1. opptak skal søkarar sende inn portefølje og motivasjonsbrev, 2. opptaket er eit intervju med søkaren.<br>• Søkarar med bakgrunn frå kunst eller design må levere portefølje med arbeidsprøvar og motivasjonsbrev med grunngjeving for ønsket om å gjennomføre praktisk-pedagogisk utdanning. Dei best kvalifiserte søkarane vert kalla inn til intervju i ei andre opptaksrunde.<br><br>**Språkkrav**<br>• Søkarar til Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design må beherske et nordisk språk for å være kvalifisert for opptak. Søkarar frå land utanfor Norden må dokumentere kunnskap i norsk språk for å være kvalifisert for opptak.<br>• Sjå språkkrav i Forskrift om opptak til høgre utdanning. |
| **Tilrådde forkunnskapar**<br><br>Recommended previous knowledge | SP_ANBFORK | |
| **Innføringsemne**<br><br>Introductory courses | SP_INNFORI | |
| **Obligatoriske emne**<br><br>Compulsory units | SP_OBLIGAT | Emna i pedagogikk er felles for alle studentane i PPU-programmet:<br>• KMDPED201 Pedagogikk 1 (15 stp)<br>• KMDPED202 Pedagogikk 2 (15 stp)<br><br>Emna i didaktikk er fagspesifikke:<br>• MUDI201 Musikkdidaktikk 1 (15 stp)<br>• MUDI202 Musikkdidaktikk 2 (15 stp) |

| | | |
|---|---|---|
| | | • KDDI201 Kunst- og designdidaktikk 1 (15 stp)<br>• KDDI202 Kunst- og designdidaktikk 2 (15 stp)<br><br>Fagspesifikk praksisopplæring tilsvarande 60 arbeidsdagar er integrert:<br>• KDPRA210 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, kunst og design (heiltid)<br>• KDPRA211 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, kunst og design (deltid)<br>• MUPRA210 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, musikk (heiltid)<br>• MUPRA211 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, musikk (deltid) |
| **Spesialisering**<br><br>Specialisation | SP_SPESIAL | |
| **Tilrådde valemne**<br><br>Recommended electives | SP_VALGFRI | |
| **Rekkefølgje for emne i studiet**<br><br>Sequential requirements, courses | SP_REKKEFO | **Heiltid**<br>1. semester:<br>• KMDPED201 Pedagogikk 1<br>• KMDPED202 Pedagogikk 2<br>• MUDI201 Musikkdidaktikk 1 eller KDDI201 Kunst- og designdidaktikk 1<br>• MUDI202 Musikkdidaktikk 2 eller KDDI202 Kunst- og designdidaktikk 2<br>• MUPRA210 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA210 Praksis for PPU kunst og design<br><br>2. semester:<br>• KMDPED201 Pedagogikk 1<br>• KMDPED202 Pedagogikk 2<br>• MUDI201 Musikkdidaktikk 1 (15 stp) eller KDDI201 Kunst- og designdidaktikk 1 (15 stp)<br>• MUDI202 Musikkdidaktikk 2 (15 stp) eller KDDI202 Kunst- og designdidaktikk 2 (15 stp)<br>• MUPRA210 Praksis for PPU musikk eller KDPRA210 Praksis for PPU kunst og design<br><br>**Deltid**<br>1. semester:<br>• KMDPED201 Pedagogikk 1<br>• MUDI201 Musikkdidaktikk 1 eller KDDI201 Kunst- og designdidaktikk 1<br>• MUPRA211 Praksis for PPU musikk eller KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design |

| | | |
|---|---|---|
| | | 2. semester:<br>• KMDPED201 Pedagogikk 1<br>• MUDI201 Musikkdidaktikk 1 (15 stp) eller KDDI201 Kunst- og designdidaktikk 1 (15 stp)<br>• MUPRA211 Praksis for PPU musikk eller KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design<br><br>3. semester:<br>• KMDPED202 Pedagogikk 2<br>• MUDI202 Musikkdidaktikk 2 eller KDDI202 Kunst- og designdidaktikk 2<br>• MUPRA211 Praksis for PPU musikk eller KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design<br><br>4. semester:<br>• KMDPED202 Pedagogikk 2<br>• MUDI202 Musikkdidaktikk 2 (15 stp) eller KDDI202 Kunst- og designdidaktikk 2 (15 stp)<br>• MUPRA211 Praksis for PPU musikk eller KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design |
| **Delstudium i utlandet**<br><br>Study period abroad | SP_DELSTUD | |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br><br>Teaching and learning methods | SP_ARBUND<br><br>(Erstatter SP_UNDMETO) | Undervisninga omfattar fellesundervisning, smågruppe-undervisning, seminar, workshop, individuell rettleiing og kontinuerleg rettleia praksisopplæring. Studentaktive arbeids- og undervisningsformer vert vektlagde.<br><br>All undervisning er obligatorisk. Fråvær på meir enn 20% fører normalt til tap av eksamensrett.<br>I praksisopplæringa er det krav om 100 % frammøte.<br><br>Fellesundervisninga i pedagogikk og didaktikk er på dagtid, medan praksis kan vere lagt på dag- og kveldstid, og i helger i samband med konsertar og prosjekt.<br><br>Praksisopplæringa omfattar arbeidsinnsats tilsvarande 60 arbeidsdagar og skal ha kontinuerleg rettleiing i autentiske yrkessituasjonar med elevar. Praksis skal vere allsidig, med stigande krav til sjølvstende og ansvar; frå observasjon via medlærar-praksis til sjølvstendig undervisning. Opplæringa kan vere individuell, i par eller i grupper, og vil samla omfatte einskildelevar og ulike grupperingar i både obligatorisk skule og sjølvvald opplæring. Erfaringar frå praksis skal studentane drøfte og reflektere over, skriftleg og munnleg, i arbeidet med pedagogikk og fagdidaktikk.<br><br>Gjennomførte obligatoriske undervisningsaktivitetar er gyldige i to semester etter normert eksamenssemester. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vurderingsformer**<br><br>Assessment methods | SP_VURDERI | Studenten sitt arbeid vert vurdert i høve til programmet og emna.<br>Vurdering og eksamensformer er spesifisert i kvar emneplan.<br>Grunnlaget for vurderingar kan vere skriftlege oppgåver, munnlege framføringar eller kunstfaglege svar på oppgåver.<br><br>Alle obligatoriske undervisningsaktivitetar og arbeidskrav må vere godkjende før eksamen. |
| **Litteraturliste**<br><br>Reading list | | |
| **Karakterskala**<br><br>Grading scale | SP_KSKALA | Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:<br>• Bokstavkarakterar med skalaen A, B, C, D, E, F<br>• «Bestått» / «Ikkje bestått»<br><br>Sjå emneplanen for det einskilde emnet. |
| **Vitnemål og vitnemålstillegg**<br><br>Diploma and Diploma Supplement | SP_VITNEM | Vitnemål vert skrive ut etter at studieprogrammet er fullført. |
| **Grunnlag for vidare studium**<br><br>Access to further studies | SP_KOMPETA | |
| **Relevans for arbeidsliv**<br><br>Employability | SP_ARBLREL | Praktisk-pedagogisk utdanning kvalifiserer for undervisningsarbeid i grunnskule, vidaregåande opplæring og kulturskule. I tillegg kvalifiserer den for undervisning og formidling på andre relevante og aktuelle læringsarenaer.<br><br>Etter fullført utdanning kan kandidatane arbeide med elevgrupper innanfor eit stort aldersspenn med eit vidt spekter av evner, interesser, og sosial og kulturell bakgrunn. Som lærarar har dei innsikt i elevane sitt oppvekstmiljø og livssituasjon, og kan tilpasse opplæringa til den einskilde elev. Dei kan samarbeide med kollegaer, føresette, institusjonar og organisasjonar, og medverke til allsidige lærings- og oppvekstmiljø. |
| **Evaluering**<br><br>Evaluation | SP_EVALUER | Praktisk-pedagogisk utdanning i  kunst, musikk og design vert kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. |

| | | |
|---|---|---|
| **Skikkavurdering og autorisasjon**<br><br>Suitability and authorisation | SP_AUTORIS | Søkarar skal legge fram politiattest etter opptak. Politiattest er eit krav i utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige som del av praksis.<br><br>Skikkavurdering skal avdekke om studenten har dei nødvendige føresetnadane for å kunne utøve eit yrke som lærar. Omsynet til at dei studenten vil kome i kontakt med skal få forsvarleg behandling, står sentralt. Kontinuerleg skikkavurdering av studentane går føre seg gjennom heile studiet. Som student får du rettleiing og oppfølging, men du har også sjølv ansvar for å søke rettleiing. Særskilt skikkavurdering skal, ved grunngjeven tvil om ein student er skikka, gjerast på bakgrunn av ein innkomen tvilsmelding. |
| **Programansvarleg**<br><br>Programme committe | SP_PROGANS<br><br>Erstatter SP_FAGANSV | Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på studieprogrammet. |
| **Administrativt ansvarleg**<br><br>Administrative responsibility | SP_ADMANSV | Fakultet for kunst, musikk og design v/ Griegakademiet - Institutt for musikk, har det administrative ansvaret for studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br><br>Contact information | SP_KONTAKT | Studierettleiar kan kontaktast her: studieveileder.kmd@uib.no |

# **Emnebeskriving for Pedagogikk 1** *(namn på emnet, nynorsk)*

Pedagogikk 1 *(namn på emnet, bokmål)*

*Godkjenning:*

*Emnebeskrivinga er godkjend av (Fakultetet brukar nemningar for godkjenningsorgan i samsvar med eigen praksis):*

*Programstyret: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Institutt for …………….. : ……………………….(dd.mm.år)*

*………… fakultet: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Emnebeskrivinga vart justert: …………………………………….(dd.mm.år) av ……………………………………………………………….*

*Evaluering:*

*Emnet vart sist evaluert: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Neste planlagde evaluering: …………………………………….(dd.mm.år)*

| Kategori | Infotype | Tekst |
|---|---|---|
| **Emnekode** | | KMDPED201 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | | Pedagogikk 1 |
| **Namn på emnet, bokmål** | | Pedagogikk 1 |
| **Namn på emnet, engelsk** | | |
| **Studiepoeng, omfang**<br><br>ECTS Credits | EB_POENG | Emnet har eit omfang på 15 studiepoeng og går over to semester. |
| **Studienivå (studiesyklus)**<br><br>Level of Study | EB_NIVA | Årsstudium |
| **Fulltid/deltid**<br><br>Full-time/Part-time | EB_FULLDEL | Fulltid/deltid |
| **Undervisningsspråk** | EB_SPRAK | Norsk |
| **Undervisningssemester**<br><br>Semester of Instruction | EB_UNDSEM | Haust og vår |
| **Undervisningsstad**<br><br>Place of Instruction | EB_UNDSTED | |
| **Mål og innhald**<br><br>Objectives and Content | EB_INNHOLD | **Mål**<br>Emnet har som mål å gje studentane kunnskap om barn og unge i utvikling og læring, allment og i høve til tilpassa opplæring, med særleg fokus på kunstpedagogiske verksemder, i og utanfor skulen.<br><br>Grunnleggande i emnet er kjennskap til og forståing for skulen som organisasjon og formelle rammer for utdanning i Noreg (aktuelle lov- og planverk og deira historikk).<br>Pedagogikkemna gjev studentane, saman med dei fagdidaktiske emna, reiskapar for planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning. |

<table>
<tr><td></td><td></td><td>Innhald<br>Emnet tek opp tema som:<ul><li>utvikling, læring og motivasjon.</li><li>barne- og ungdomskultur.</li><li>generell didaktikk.</li><li>klasseleiing og læringsfellesskap.</li><li>sosial kompetanse og kommunikasjon.</li><li>tilpassa opplæring.</li><li>skulen sitt samfunnsmandat.</li><li>skulehistorie med særleg fokus på kunstfaga i skulen.</li></ul></td></tr>
<tr><td>Læringsutbyte<br><br>Learning Outcomes</td><td>EB_UTBYTTE</td><td>Studenten skal ved avslutta emne ha følgande læringsutbyte:<br><br>Kunnskap<br>Studenten..<ul><li>har god kunnskap om barn og unge som lærande individ og deira utvikling, motivasjon og sosialisering.</li><li>har god kunnskap om grunnprinsipp i god undervisningsplanlegging.</li><li>har god kunnskap om didaktisk bruk av digitale læremiddel og verktøy, og utfordringar og vinstar kring dette.</li><li>har god kunnskap om skulen sitt samfunnsmandat, slik det er gitt i aktuelle lov- og planverk.</li><li>har god kunnskap om overgrep mot barn og unge, om vanskelege livssituasjonar som barn og unge kan komme i, samt kjennskap til hjelpeinstansar.</li></ul>Ferdigheiter<br>Studenten..<ul><li>kan analysere og drøfte undervisningssituasjonar i lys av etablert kunnskap om eleven og skulen.</li><li>kan analysere og drøfte utfordringar i læreplanar og andre styringsdokument, og sjå dette i lys av skulen sitt danningsoppdrag.</li><li>kan leie, motivere og vurdere elevar i fagleg arbeid, og skape eit trygt og inkluderande læringsfellesskap for alle elevar.</li><li>kan planlegge undervisning med bruk av relevante arbeidsmetodar og tilpassa den einskilde elev sine læringsføresetnader.</li><li>kan vurdere bruk av digitale verktøy i undervisninga, og utfordringar og moglegheiter knytt til dette.</li></ul>Generell kompetanse</td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | | *Studenten..*<br>• *er tydeleg på kva som er ansvaret og oppgåvene i skulen, og er i stand til å balansere dette.*<br>• *har ei profesjonell haldning og kan kunnskapsbasert og kritisk reflektere over spørsmål som gjeld elevane si læring og utvikling.*<br>• *kan med stor grad av sjølvstende identifisere, problematisere, vidareutvikle og kommunisere kunnskap innanfor lærarprofesjonen.* |
| **Krav til forkunnskapar** | EB_KRAV | |
| **Tilrådde forkunnskapar** | EB_ANBKRAV | |
| **Studiepoengsreduksjon** | EB_SPREDUK | |
| **Krav til studierett** | EB_STUDRET | Studierett på Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design. |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br><br>Teaching and Learning Methods | EB_ARBUND<br><br>(Erstattar EB_UNDMETO) | Undervisninga vert gitt i form av forelesingar, seminarundervisning, gruppearbeid og diskusjonar og presentasjonar - både individuelt og i gruppe. |
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br><br>Compulsory Assignments and Attendance | EB_OBLIGAT | All undervisning er obligatorisk. Fråvær på meir enn 20% fører normalt til tap av eksamensrett.<br><br>Emnet har eit obligatoriske arbeidskrav:<br>• skriftleg innlevering basert på aktuell pensumlitteratur, omfang: ca. 1000 ord. (Haustsemesteret, avtala med emneansvarleg) |
| **Vurderingsformer**<br><br>Forms of Assessment | EB_VURDERI | I emnet nyttar ein følgande vurderingsformer:<br>• Mappeeksamen, som inneheld inntil tre skriftlege innleveringar, fastsett av emneansvarleg.<br><br>Mappa skal rettleiast.<br><br>Intern sensur med minst to sensorar. |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br><br>Examination Support Material | EB_HJELPEM | |

| | | |
|---|---|---|
| **Karakterskala**<br><br>Grading Scale | EB_K-SKALA | «Bestått» / «ikkje bestått» |
| **Vurderingssemester**<br><br>Assessment Semester | EB_EKSSEM | Vår |
| **Litteraturliste**<br><br>Reading List | EB_LEREM | Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret. |
| **Emneevaluering**<br><br>Course Evaluation | EB_EVALUER | Undervisninga vert evaluert i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem. |
| **Programansvarleg**<br><br>Course Coordinator | EB_PROGANS | Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der. |
| **Emneansvarleg** | EB_EMNANSV | |
| **Administrativt ansvarleg**<br><br>Course Administrator | EB_ADMANSV | Fakultet for kunst, musikk og design v/ Griegakademiet - Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br><br>Contact Information | EB_KONTAKT | Studierettleiar kan kontaktast her: studieveileder.kmd@uib.no |

**Emnebeskriving for Pedagogikk 2** *(namn på emnet, nynorsk)*

Pedagogikk 2 *(namn på emnet, bokmål)*

*Godkjenning:*

*Emnebeskrivinga er godkjend av (Fakultetet brukar nemningar for godkjenningsorgan i samsvar med eigen praksis):*

*Programstyret: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Institutt for …………….. : ……………………….(dd.mm.år)*

*………… fakultet: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Emnebeskrivinga vart justert: …………………………………….(dd.mm.år) av ………………………………………………………………….*

*Evaluering:*

*Emnet vart sist evaluert: …………………………………….(dd.mm.år)*

*Neste planlagde evaluering: …………………………………….(dd.mm.år)*

| Kategori | Infotype | Tekst |
|---|---|---|
| **Emnekode** | | KMDPED202 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | | Pedagogikk 2 |
| **Namn på emnet, bokmål** | | Pedagogikk 2 |
| **Namn på emnet, engelsk** | | |
| **Studiepoeng, omfang**<br><br>ECTS Credits | EB_POENG | Emnet har eit omfang på 15 studiepoeng og går over to semester. |
| **Studienivå (studiesyklus)**<br><br>Level of Study | EB_NIVA | Årsstudium |
| **Fulltid/deltid**<br><br>Full-time/Part-time | EB_FULLDEL | Fulltid/deltid |
| **Undervisningsspråk** | EB_SPRAK | Norsk |
| **Undervisningssemester**<br><br>Semester of Instruction | EB_UNDSEM | Haust og vår |
| **Undervisningsstad**<br><br>Place of Instruction | EB_UNDSTED | |
